

Vakker haustdag og mykje folk i fjellet.

28.10.2018



Tre sprege jenter i godt driv på veg til Solfjell. F.v: Tea Soltveit Taranger, Amalie Hovden Rød og Hanna Tvilde.

Vindstille, ikkje ei sky på himmelen og vakre haustfargar. Kva meir kan ein ynskja seg på ein sundag seint i oktober. Det er registrert mykje folk i fjella rundt Uskedalen. Nokre valde til og med Englafjell med snø på toppen. Mange hadde Solfjell som turmål, anten i lett mobakkejogg eller i godt driv mot toppen.

Uskedal.no møtte tre sprege jenter på skogsvegen i Kjærlandslio. Målet deira var Solfjell. Nokre vel å gå opp skogsvegen på Haugland for så å gå heimover fjellet over Storhaug og ned over Halsane.



Storhaughytta med ispyttar.

Hytta på Storhaug, som ein gong var i Statkraft si eige, har vore i bruk i helga. Eigarane har bruksplan og deler på helgane. Hytta er restaurert og sett i god stand med to soverom, stor stove, kjøkken, toalett og lagerrom. Det er montert benker ved hytta og mange brukar plassen til kvild og matpause.

Måtte de bli fleire slike vakre fjelldagar i haust.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Siv Framnes/Kristian Bringedal



Solfjell var målet for mange turgåarar i dag.